

## REKNESKAPSRAPPORT PR MAI 2023

| Samlerapport drift 2023 - Mai        |                     |                     |                       |              |  |
|--------------------------------------|---------------------|---------------------|-----------------------|--------------|--|
|                                      | Regnskap Hittil -   | Budsjett Hittil -   | Årsbudsjett inkl.     | Forbruk      | Prognose                                     |
|                                      | 2023                | 2023                | endring 2023          | %            | årsavvik                                     |
|                                      |                     |                     |                       |              | Pluss = Mindreforbruk<br>Minus = Meirforbruk |
| <b>Frie inntekter</b>                | <b>-808 176 006</b> | <b>-773 840 375</b> | <b>-1 740 167 000</b> | <b>46 %</b>  | <b>30 000 000</b>                            |
| <b>Finans</b>                        | <b>18 894 631</b>   | <b>58 353 549</b>   | <b>160 859 744</b>    | <b>12 %</b>  | <b>25 220 000</b>                            |
| <b>Fellesområde</b>                  | <b>77 084 285</b>   | <b>58 244 561</b>   | <b>52 351 256</b>     | <b>147 %</b> | <b>-69 400 000</b>                           |
| Folkevalde organ                     | 2 560 237           | 3 481 785           | 7 954 000             | 32 %         | -400 000                                     |
| Fellesutgifter                       | 18 877 274          | 16 833 410          | 51 811 000            | 36 %         | -36 000 000                                  |
| Pensjon                              | 55 646 774          | 37 929 366          | -7 413 744            | -751 %       | -33 000 000                                  |
| <b>Stab</b>                          | <b>25 500 382</b>   | <b>26 330 105</b>   | <b>54 849 000</b>     | <b>46 %</b>  | <b>-</b>                                     |
| <b>Oppvekst</b>                      | <b>379 121 157</b>  | <b>341 384 289</b>  | <b>746 124 000</b>    | <b>51 %</b>  | <b>-47 450 000</b>                           |
| Oppvekst - Fagstab og felles         | 4 969 812           | 4 520 855           | -1 303 000            | -381 %       | -10 250 000                                  |
| Skular                               | 176 041 187         | 168 145 292         | 360 752 000           | 49 %         | -8 000 000                                   |
| Familiens Hus                        | 64 698 368          | 63 621 872          | 141 392 000           | 46 %         | -10 000 000                                  |
| Barnehager                           | 133 411 790         | 105 096 270         | 245 283 000           | 54 %         | -19 200 000                                  |
| <b>Helse og Velferd</b>              | <b>372 249 112</b>  | <b>342 462 734</b>  | <b>665 255 000</b>    | <b>56 %</b>  | <b>-49 800 000</b>                           |
| Fagstab og felles satsingar          | 13 683 937          | -6 631 153          | -85 107 000           | -16 %        | -33 000 000                                  |
| Forvaltning og bustad                | 13 095 627          | 13 524 590          | 30 138 000            | 43 %         | -1 800 000                                   |
| Legetenester og Legevakt             | 35 685 491          | 31 716 490          | 65 782 000            | 54 %         | -4 000 000                                   |
| NAV                                  | 14 141 818          | 12 154 920          | 27 903 000            | 51 %         | -  |
| Psykisk helse og rus                 | 24 766 277          | 23 696 008          | 51 384 000            | 48 %         | -  |
| Luranetunet bu- og behandlingssenter | 87 736 064          | 86 711 494          | 186 568 000           | 47 %         | -7 000 000                                   |
| Heimebaserte tenester Os             | 41 868 543          | 39 671 651          | 84 713 000            | 49 %         | -  |
| FBBS og Heimetenester Eikelandsosen  | 38 737 842          | 38 693 654          | 83 302 000            | 47 %         | -1 500 000                                   |
| Tilrettelagte tenester               | 102 533 514         | 102 925 080         | 220 572 000           | 46 %         | -2 500 000                                   |
| <b>Samfunnsutvikling</b>             | <b>31 411 655</b>   | <b>30 576 540</b>   | <b>60 728 000</b>     | <b>52 %</b>  | <b>-1 500 000</b>                            |
| Samfunn Fellesområde                 | 2 482 781           | 299 750             | -163 000              | -1523 %      | 2 000 000                                    |
| Innbyggarservice                     | 8 254 401           | 6 597 695           | 14 575 000            | 57 %         | -  |
| Plan, Byggesak og Oppmåling          | 3 150 915           | 4 608 940           | 8 856 055             | 36 %         | -500 000                                     |
| Kultur                               | 16 285 670          | 13 617 870          | 31 407 000            | 52 %         | -  |
| Brann                                | 13 881 556          | 10 854 375          | 23 643 000            | 59 %         | -2 400 000                                   |
| Eigedom Drift                        | 18 755 651          | 20 921 565          | 48 524 945            | 39 %         | 1 400 000                                    |
| Samferdsle                           | 16 417 308          | 8 781 575           | 19 821 000            | 83 %         | -2 000 000                                   |
| Vatn og avløp                        | -47 816 628         | 687 120             | -                     | -            | -  |
| Kalkulatoriske poster                | -                   | -35 792 350         | -85 936 000           | 0 %          | -  |
| <b>Sum</b>                           | <b>96 085 216</b>   | <b>83 511 403</b>   | <b>-</b>              | <b>-</b>     | <b>-112 930 000</b>                          |

### OM RAPPORTEN

Forbruksprosenten er rekna ut frå rekneskap i % av årsbudsjettet. «Normal» forbruksprosent pr. mai for løns-intensive einingar er ca. 46 %. Kolonne Prognose årsavvik er vårt beste estimat på noverande tidspunkt om forventa meir- /eller mindreforbruk i forhold til budsjett. Minus tal betyr meirforbruk eller mindre inntekter («underskot»), positive tal betyr mindreforbruk eller meirinntekter («overskot»).

## **SAMANDRAG**

Rekneskapsprognose pr mai viser at det kan bli eit meirforbruk på ca. 112,9 mill. kr i 2023. Rekneskapsprognosen har forverra seg som følge av at vi har meir oppdatert informasjon om konsekvensane av det høge lønsoppgjæret. Vi vil likevel ikkje ha endelege tal for verknadene av lønsoppgjæret før seinare på året. Prognose for frie inntekter er basert på framlegg til revidert nasjonalbudsjett.

## **FRIE INNTEKTER**

Prognose for 2023: Frie inntekter kan får ei meirinntekt på ca. 30 mill. kr, avhengig av stortinget si behandling av revidert nasjonalbudsjett.

Revidert nasjonalbudsjett blei lagt fram av regjeringa 11. mai 2023 og skal behandlast i Stortinget før sommaren. Dei viktigaste punkta i for kommunesektoren blei oppsummert i 1. tertialrapport 2023.

Som rapportert tidlegare må Bjørnafjorden kommune saldere budsjettet for 2023 på nytt etter at revidert nasjonalbudsjett er vedtatt i Stortinget. I revidert nasjonalbudsjett foreslår regjeringa m.a. å kompensere kommunane for auka løns- og prisvekst og å redusere trekket vedr konsesjonskraft i forhold til det som blei vedtatt i statsbudsjettet. For Bjørnafjorden kommune kan revidert nasjonalbudsjett innebære at rammetilskotet blir auka med netto ca. 10 mill. kr.

I revidert nasjonalbudsjett blir prognosen for kommunesektoren sine skatteinntekter oppjustert. For Bjørnafjorden kommune kan det innebære at skatteinntektene aukar med nærare 20 mill. kr. Pr mai er skatteveksten i Bjørnafjorden kommune 2,5%, tal for kommunesektoren samla er førebels ikkje publisert.

## **FINANS**

Prognose for 2023: Finans kan få ei meirinntekt på ca. 25,2 mill. kr.

Finansporteføljen har pr. mai ei positiv avkastning på ca. 10,2 mill. kr. Det er ikkje budsjettet med avkastning i 2023. Avkastninga pr. mai er lagt inn i prognosen for 2023, men merk at avkastningstal fort kan endre seg.

Kommunen har framleis god likviditet og det auka rentenivået får såleis god effekt på renteinntektene. Vi legg førebels til grunn ein meirinntekt på ca. 15 mill. kr. Vi trur likviditeten vil synke ut over året, m.a. grunna meirforbruk i sektorane og at vi vil tære på unyttta lånemidlar.

Renteutgiftene ser så langt ut til å halde seg innafor budsjettet, men situasjonen kan fort endre seg i denne urolige marknadssituasjonen.

I 1. tertialrapport 2023 blir det foreslått å bruke 10,8 mill. kr av auka renteinntekter til å plusse på budsjetttramma til Oppvekst sektoren som har fått meirutgifter som følge av statleg fastsette satsar m.v. innafor barnevern og barnehageområdet. Dette er ikkje endeleg behandla i kommunestyret og er derfor ikkje synleggjort i prognosen.

## **FELLESUTGIFTER**

Prognose for 2023: Fellesområde kan få eit negativt avvik, førebels estimert til 69,4 mill. kr, i stor grad knytt til lønsoppgjer og reguleringspremie pensjon.

Fellesområde består av Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Lønsoppgjeret for 2023 har blitt langt høgare enn det som er sett av til å dekke meirutgiftene. Vi har enno ikkje full oversikt over dei økonomiske konsekvensane for vår kommune, men vi har gjort overslag som viser at utgiftene for 2023 kan bli inntil 36 mill. kr høgare enn budsjettert.

Lønsoppgjeret for tilsette og pensjonistar påverkar reguleringspremien, som dermed og vil bli langt høgare enn det pensjonsleverandørane har lagt til grunn i sine premieprognosar, og som kommunebudsjettet byggjer på. Pensjonsleverandørane har sendt ut nye prognosar for reguleringspremien som viser at reguleringspremien kan bli om lag 33 mill. kr høgare enn lagt til grunn i budsjettet. Kommunen har framleis noko fondsmidlar knytt til løns- og pensjonsauke som ev. kan nyttast (til saman ca. 51,5 mill. kr), dette er ikkje tatt inn i prognosen.

Erfaring frå 2022 og til dels tidlegare år viser at ein stor del av utgiftene til Folkevalde organ blir ført i desember. Basert på rekneskapstal for 2022 er det grunn til å tru at utgiftene for 2023 blir høgare enn budsjettert. Vi legg førebels til grunn eit meirforbruk på ca. kr 400.000. Ein ekstra faktor i 2023 er gjennomføring av kommunevalet.

Merk at forbruksprosenten for Fellesområde kan vere litt avvikande gjennom året. Det har samband med at det er budsjettert med 65,7 mill. kr i bruk av premiefond i 2023. Rekneskapsføringa av premiefondet vil skje i «bolkar» ut over året etter avtale med pensjonsleverandør.

## **STAB**

Prognose for 2023: Stab ser ut til å kunne gå i balanse i 2023.

Stab har eit innsparingskrav på kr 700.000 for 2023.

Stab vil ha stillingar som står ledige i periodar på grunn av at tilsette sluttar eller er i permisjon. Vi reknar med at det vi sparar på dette kan dekke innsparingskravet for Stab i 2023. Det er likevel andre driftspostar som viser meirforbruk og som gjer prognosen usikker.

## **OPPVEKST**

Prognose for 2023: Oppvekst ser ut til å få eit meirforbruk på 47,4 mill. kr i 2023.

Prognose etter mai månad er eit meirforbruk på ca. 47,4 millionar. Sidan oppvekst sin drift i stor grad er prega av barnehage- og skuleår er det fortsatt knytt usikkerheit til den samla

prognosen. I rapporteringa etter august månad vil tala knytt til dei to store områda barnehage og skule vere meir sikre.

Det blir arbeidd med tiltak for å redusere meirforbruket på alle områda, men fleire av dei store postane for meirforbruk ligg “utanfor vår kontroll”. Dette gjeld til dømes underfinansiering av oppvekstreforma og dyrare plasseringar som følgje av endringa i oppvekstreforma som er varsla med over 10 millionar. Det er vidare barnehageområdet som er den store kostnadsdrivaren og her varslar vi meirforbruk på 19,2 millionar. Mykje er knytt til auke i barnetal som gir auka tilskot til private barnehagar, nasjonal deflator og auka kapitaltilskot. I tertiæl er det er fremma forslag om at budsjetttramma til Oppvekst blir auka med 10,8 mill. kr. Dette er ikkje endeleg behandla i kommunestyret og er difor ikkje synleggjort i prognosen.

Vi har store postar som er nedtrekk som ikkje er realisert frå tidlegare år som vi drar med oss og ikkje har klart å finne inndekking for.

Både på barnehageområdet og på skuleområdet slit vi med å halde budsjettet inn mot barn og elevar med store hjelpebehov. Dette er budsjettpostar som har lagt fast på same nivå over tid samstundes som tal barn som har store og meir komplekse hjelpebehov aukar. Det blir arbeida kontinuerleg med å leite etter smarte løysingar når det gjeld ressursbruk samstundes som vi sikrar barn/elevar det dei har krav på.

### **Oppvekst - Fagstab og felles satsingar**

Vi har hatt ei udefinert innsparing på 11 150 000 som er lagt på “oppvekst sentralt”. Når det no er vedteke ei auke i SFO-priser frå hausten 2023 kan vi justere ned denne summen med 900 000, som er haustverknad av inntektsauken. Vi har framleis ei udefinert innsparing på kr. 10 250 000.

Elles er drifta i rute.

### **Skular**

På skuleområdet varslar vi ei auke i meirforbruk med ytterlegare 2 millionar, totalt 8 millionar i meirforbruk. Denne auken er knytt til elevar med store hjelpebehov.

Meirforbruk på 7 millionar er knytt til elevar med store hjelpebehov. For skuleåret 2022/23 har meirforbruket lagt på 5 millionar. Som følgje av at vi får endå fleire elevar med store hjelpebehov komande skuleår er prognosen for overforbruk auka til 7 millionar. Dette var varsla i april og til tross for at vi har sett på tildelingspraksis og omfang har vi ikkje klart å trekke ned.

I rekneskapsrapport for mai ser vi at dei fleste av skulane som har drifta for høgt har sett inn tiltak som har effekt og at overforbruket ved den enkelte skule går ned.

Fleire skular slit med å sette inn nødvendige tiltak i elevgruppa. Vi visar til tidlegare rekneskapsrapportar, samt kvalitetsmelding og tertiælrapport. Som følgje av den stramme finansieringsmodellen i skulane er det lite rom for å hente inn andre yrkesgrupper som til

dømes miljøarbeidar/sosialarbeidar. Per no er det berre dei store skulane som har noko fleksibilitet til å justere personell etter ressursbehov på dei ulike trinna. Små einingar har ikkje den moglegheita.

Utgifter til skyss er ei utfordring og forbruket ligg høgare en budsjett. Det var eit overforbruk på denne posten i 2022 og budsjettet er like stramt i 2023. I tillegg er det varsla prisauke frå komande skuleår. Vi kjem tilbake til meir konkrete tal i 2 tertial. I 2022 brukte vi over 10 millionar på skyss.

## **Familiens Hus**

Familiens hus varslar framleis meirforbruk på 10 millionar knytt til oppvekstreform og tiltak i barnevernstenesta.

### Barnevern

Barnevernet har eit samla meirforbruk i mai på same nivå som i april. Advokatutgiftene er høge og aukande grunna mange saker til nemnd, men dette kan dekkast av reserve på lønn grunna refusjon sjukelønn og vakanse.

Det har vore alvorlege saker som har kravd omfattande tiltak så man har ikkje klart å redusere kjøp av tenester frå private så mykje som ønskeleg i forhold til rettleiing og tilsyn, men dette jobbar ein med kontinuerleg

Det er fleire endringar i tiltak utanfor heimen når det gjeld plasseringar. Det er nye tiltak, endra tiltak og avslutting av tiltak. I forhold til økonomi ser det ut som situasjonen samla er ganske lik som den har vore og vi rapporterer ikkje endringar i meirforbruk.

### Barn, unge og familiar

Det er noko høgt forbruk på fleire områder for å klare å levere lov-pålagte tenester. Dette har mellom anna samanheng med fleire vedtak i §31 (spesialpedagogisk hjelp), høgt sjukefråvær og utilstrekkeleg driftsbudsjett (kurs/ test kompetanse PPT, tolk, telefon, køyring).

### Førebyggjande helsetenester

Førebyggjande helseteneste driftar innanfor tildelt budsjett, utfordringa er mangel på blant anna helsesjukepleiarar til å dekke alle lokasjonar tilstrekkeleg.

## **Barnehagar**

Samla meirforbruk på barnehageområdet er framleis 19,2 millionar.

Det er ikkje realistisk med eit demografi-nedtrekk på 3 millionar når det har vore auke og ikkje reduksjon i tal barn i barnehage frå 2022 til 2023. Dette gjeld samla tal for kommunale og private barnehagar. Det er fortsatt endringar i tal barn fram mot nytt barnehageår. Vi vil ha eit meir konkret bilete per 01.08.23.

På styrkingstiltak barnehagebarn er det eit meirforbruk på vedtak § 37 (alle barnehagar) på kr. 600 000. Då er det tatt høgde for vel 0,5 millionar til nye vedtak for hausten 2023.

## Kommunale barnehagar

Alle dei kommunale barnehagane driftar innanfor tildelt budsjett.

Utvikling av tal barnehageplassar:

For dei fleste kommunale barnehagane har ikkje barnetalet for hausten 23 endra seg mykje etter hovudopptaket. Unntaket er Jettegryto barnehage kor vi mister 8 plassar frå august grunna barn som flyttar. Det betyr at tal barnehageplassar i Jettegryto er redusert til ca. 60 plassar frå august 23. Bemanninga reduserast i forhold til tal plassar i bruk, men kostnader til styrar, reinhald, straum etc. vil vere uendra noko som aukar kostnad pr. plass. Dette bidreg og til at det totale tal plassar i kommunale barnehagar reduserast i forhold til tal private plassar og at dei dyre plassane i Holdhus barnehage “vektast meir” (ved at dei utgjer ein større del av dei samla kommunale barnehageplassar) i forhold til tilskotssatsane. I Holdhus barnehage vil det hausten 23 vere 11 barnehageplassar i bruk, mot 14 plassar våren 23. Vi må likevel framleis ha ein minimumsbemanning som er nok til 18 plassar, så kostnad pr. plass vil auke monaleg ved å oppretthalde kommunal drift fram til hausten 2024. Dette får store konsekvensar for nivået på tilskot til private barnehagar i åra framover.

## Private Barnehagar

Utbetaling av kommunalt tilskot gjort for ½ år i 2023.

I løpet av mai 2023 har vi utbetalt kr. 1 087 000,- i kompensasjon for søskenmoderasjon og kr. 940 000,- i kompensasjon for redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid til dei private barnehagane. Vi har budsjettert med 2 millionar kvar for begge ordningar i 2023, så vi ligg greitt an då vårhalvåret er 6 månader og hausthalvåret 5 månader samt at barnetalet er lågare hausten enn våren.

Vi har rekna refusjonskrav til andre kommunar på totalt kr. 872 000,- men dette er ikkje fakturert enno, og vi veit ikkje noko om kor mykje vi skal betale til andre kommunar for Bjørnafjorden-barn. Vi har budsjettert med inntekt på 1,5 millionar, men 3 av totalt 8 gjestebarn skal begynne på skulen så om vi ikkje får inn fleire «gjestebarn» vil vi ikkje klare budsjettert inntekt for 2023. Når det gjelder betaling til andre kommunar veit vi ikkje per no kor store refusjonskrav vi vil motta.

Tillegsløyvingar på kr. 8,3 millionar er foreslått, men ikkje vedtatt av kommunestyret ennå, dette for å dekke auke tilskotssatsar grunna oppjustering av kommunal deflator og auka kapitaltilskot til private barnehagar. Tillegsløyving vil redusere prognose for meirforbruk.

Det har vore meiroptak i fleire private barnehagar etter at hovudopptaket var avslutta og meiroptak vil halde fram heilt til teljedato og oppstart av nytt barnehageår pr. 1. august 2023. Når tal barn i private barnehagar for hausten er klare i august vil det kunne bli endring av prognosen for meirforbruk grunna auka tal barnehageplassar hausten 23.

**Tiltak - generelt:**

I tråd med tiltak i PwC rapporten er det lagt fram sak om auka foreldrebetaling i SFO. Dette er vedteke og gir oppvekst ei auka inntekt med hausteffekt på 900 000 og heilårseffekt på vel 2,1 millionar frå 2024.

Stillingskontroll blir nytta aktivt i arbeidet med å vurdere årsverk som blir ledige.

Nedanfor skissere vi dei tiltaka som blir arbeida med i kvart område for å nærme oss budsjettbalanse og realisere nedtrekk.

### **Tiltak - Skular**

- tett dialog mellom fagsjef/økonomirådgevar og rektorane for å sikre kontroll på drifta
- vi gjennomgår ressurs til leing og administrasjon ved skulane og vurderer interne løysingar ved ledigheit i stilling.
- vi søker om dekning for sjukefråvær frå første fråværsdag (kronisk sjukdom)
- hente inn uteståande refusjonar
- vurderer omorganisering før ein set inn vikar
- intern omorganisering på skulene for å halde budsjettet. Konsekvens er at vikariat ikkje blir forlenga, om nokon er i permisjon står stillinga vakant ein periode osv.

### **Tiltak - Familiens Hus**

Tiltak felles i Familiens hus:

- Familiens hus er i ei overføringsprosess i forhold til bruk av eigne tilsette til samvær og rettleiing av fosterforeldre og foreldre. Det er nyleg avslutta ein del private tiltak som vil gje reduksjon i utgifter til private konsulentar dei neste månadene.

Tiltak Barnevern:

- Økonomiske utgifter til ettervern for ungdom i alderen 18 – 25 år er redusert. Dette heng stort sett saman med at fleire av ungdommane er overført til NAV og andre oppfølgingstenester i kommunen.
- Tenesta skal gjennomgå støttekontaktordninga og sjå om det er mogeleg å stramme inn noko på utgifter knytt til dette.
- I PwC-rapport kjem det fram at barneverntenesta kan spare noko på fosterheimsarbeidet. Dette arbeidet er starta, som inneber årleg gjennomgang av fosterheimskontraktar for å vurdere frikjøp/ending av frikjøp. Tenesta har også lagt seg på Bufetat sine anbefalingar om frikjøp, noko som kan redusere frikjøp fram i tid. Samtidig har fosterheimssatsar auka og alle fosterheimar mottar frå 1. jan 2023, 1KS ekstra i tillegg for å være fosterheim.
- PwC rapporten peikar på store innsparingar med reduserte plasseringar på institusjon. Barneverntenesta jobbar aktivt for å hindre bruk av institusjonsplassar, ved å undersøke nettverk, omfattande heimebaserte tiltak og andre løysingar, før bruk av institusjonsplassar. Men i nokre tilfelle må barn plasserast på institusjon. Stort sett alle som flyttast til institusjon er ungdommar, dei fleste med omfattande åtferdsvanskar og psykiske utfordringar.
- søkje om dekning for sjukefråvær frå første fråværsdag (kronisk sjukdom)
- hente inn uteståande refusjonar

Tiltak Barn, unge og familiar:

- Det blir arbeida med å vurdere §31 og §37 i samanheng for å få ned overforbruket (budsjett §31 ligg i Barn, unge og familiar)
- hente inn uteståande refusjonar
- søkje om dekning for sjukefråvær frå første fråværsdag (kronisk sjukdom)

Tiltak Førebyggjande helsetenester:

Førebyggjande helseteneste drifter mot balanse i tildelt budsjett for 2023.

- Vidareføre god kontroll over budsjett og drift.
- Innhente uteståande refusjonar
- søkje om dekning for sjukefråvær frå første fråværsdag (kronisk sjukdom)
- Merke all bruk av ukrainske tolkar med eiga kode slik at dette eventuelt kan omfordelast ved årsslutt.
- Forsette jobben med å rekruttere inn i ledige stillingar slik at vi får nytta lønsmidlar fullt ut.

### **Tiltak – Barnehagar**

- Det blir arbeida med å vurdere §31 og §37 i samanheng for å få ned overforbruket (budsjett §37 ligg på barnehageområdet)
- Kommunale barnehagar har tatt ned bemanninga i tråd med barnetalet frå august 2023.
- Tett dialog mellom fagsjef/økonomirådgjevar og styrarane for å sikre fortsatt god kontroll på drifta i dei kommunale barnehagane
- søkje om dekning for sjukefråvær frå første fråværsdag (kronisk sjukdom)
- hente inn uteståande refusjonar

## **HELSE OG VELFERD**

Prognose for 2023: Helse og velferd kan få eit meirforbruk på ca. 49,8 mill. kr i 2023.

Det er mindre endringar i prognosen for mai samanlikna med april månad. Det er ein mindre reduksjon på Forvaltning med kr 200.000 knytt til støttekontakt-ordninga, og ein mindre auke i utgifter innafor Tilrettelagde tenester med kr 500.000 grunna særtiltak for ungdom.

Samla forventa meirforbruk er 49.800.000 mill. kroner for 2023, mot 49.500 mill kroner i april-prognosen. Reduksjon i variabel løn som ligg som det viktigaste tiltaket dette året, har ikkje fått gode nok resultat så langt. Unnataket er Luranetunet og Psykisk helse, som har vist god effekt av sine tiltak i år. Noko av årsaka til at variabel løn ikkje er tilstrekkeleg redusert har vore uvanleg høgt sjukefråvær.



For Legetenesta kan prognosen etter ferien vise eit auka meirforbruk i år, kanskje opp mot 6 mill. kroner. Årsaka er fortsatt vanskar med å rekruttere og behalde legar utan økonomiske verkemiddel som er høgare enn det som ligg i budsjettet, særleg relatert til vikarlegar, samt at refusjonar takst og eigenandelar frå Helfo er mindre enn planlagt, ca. 2 mill. kr.

NAV melder ei viss auke i sosialhjelpsbehov, i andel naudhjelpssøknader og auka straumutgifter for hushald. Gjennom ulike tiltak reknar NAV med å vere innafør budsjettrammene i år.

Sommar-avviklinga vil vere viktig med tanke på samla driftsutgifter i år. Så langt ser ferieavviklinga ut til å kunne handterast utan dyre tiltak, men dette er avhengig av at sjukefråværet blir lågare enn så langt i år.

Viser elles til tertialrapporten med ytterlegare forklaringar på økonomisk status for einingane, då det er små endringar frå april til mai.

## **SAMFUNNSUTVIKLING**

Prognose for 2023: Samfunnsutvikling kan få eit meirforbruk på ca. 1,5 mill. kr i 2023.

Foreløpige utfordringar på samfunnsutvikling er Bjørnafjorden Brann og Redning (BBR), Samferdsle og Kart og oppmåling. Vintermånadene slår hardt inn i rekneskapen ifht vintervedlikehald. Det er for tidleg å seie noko om heile året, men overslag viser 1,5 mill. kr i overforbruk. Når det gjeld BBR så har dei eit innsparingskrav på 1,5 mill. Det er forventa effektar av endringar framover men det tar tid å endre drift. BBR har også oppgradering av 110 sentral og usikkerheita rundt totale kostnader med dette. BBR har også et stort etterslep ifht lovpålagt kursing, dette slår og inn i år. En eldre køyretøy park merkast også godt på kostnadsnivået. Utfordringar med å få satt faste vaktlag på Fusa-side fører også til høye overtidskostnader.

Vi legg til grunn overforbruk på BBR på kr 2.4 mill. og samferdsle på kr 2 mill. I tillegg så ser vi en vesentleg nedgang i inntektene hos Kart og oppmåling, anslag 1 mill. kr i overforbruk.

Foreløpig synast SU å ha en meirinntekt på sal av konsesjonskraft på kr 1 mill. Antar vidare at eigedom klarer generelle innsparingar på kr 0.6 mill., i tillegg har SU innsparing på at miljørådgivar har sagt opp, ca. kr 0.6 mill. Straumutgiftene er også forventa lågare enn budsjett, ca. 0,7 mill. Generelt sjukefråvær og internbelastning til sjølvkost områda er også kalkulert med ein meirinntekt på kr 1 mill. kr.